

Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 16. juni 2009.

Sak 1/2009 Opprop.

Fyresdal kommune: Ordførar Bjørn Nome, rådmann Ketil Kiland, Lars A. Bjørgulfson
Gunhild Slyngstad

Hjartdal kommune: Ordførar Olav Tho, rådmann Jan Sebjørnsen, Håvard Kaasa

Kviteseid kommune: Ordførar Torstein Tveito, rådmann Hans Bakke,
Björg Kyrkjebø Staaland

Nissedal kommune: Ordførar Anne-Nora Oma Dahle, rådmann Sverre Sæter,
Asbjørn Tveiten, Astrid Eidem Nordal

Seljord kommune: Ordførar Solveig S. Abrahamsen, rådmann Kristian Torp-Hansen,
Jon Svartdal, Aud Jonskås

Tokke kommune: Ordførar Olav Urbø, rådmann Olav Bjørn Bakken,
Kjetil Fulsås

Vinje kommune: Ordførar Arne Vinje, rådmann Hans Kr. Lehmann, Aslak Ofte,
Gunn Aslaug Seltveit Bøe

I tillegg møtte regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes

Sak 2/2009 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 3/2009 Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordførar.

Vedtak: Til å skrive under protokollen i lag med regionordførar vart valt Ketil Kiland.

Sak 4/2009 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap for 2008.

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2008.

Sak 5/2009 Val av revisor.

Vedtak: Som revisor vart valt Telemark Kommunerevisjon IKS v/Valeria Sunde.

Sak 6/2009 Arbeidsprogram for 2008 – 2009, rapport pr. juni 2009.

I møte 12. desember 2005 vedtok Vest-Telemarktinget arbeidsprogram for 2006 – 2007.

Ein vedtok fylgjande innretning for dette:

- Arbeidsprogrammet skal syne retningen og gjelde i 2 år.
- Det skal knytast tiltak til måla.
- Måloppnåing kontrollerast av Vest-Telemarktinget 2 gonger i året.
- Tiltak korrigerast dersom ein finn det naudsynt for å nå måla så raskt og effektivt som mogleg.
- Rådet førebur saken.

Til møtet låg det føre rapport pr juni i høve til arbeidsprogrammet 2008 – 2009.

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner rapport pr. juni 2009 i høve til vedteke arbeidsprogram for 2008 – 2009.

Sak 7/2009 Val av regionvaraordfører for perioden august – desember 2009.

Vedtak: Som regionvaraordfører for perioden august – desember 2009 vart valt Anne - Nora Oma Dahle.

Sak 8/2009 Godkjenning av vedtektsendringar i samband med Hjartdal kommune sin utgang frå Vest-Telemarkrådet.

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner forslaget til vedtektsendringar i samband med Hjartdal kommune sin utgang frå Vest-Telemarkrådet.

Sak 9/2009 Stortingsmelding nr. 25 (2008 – 2009), ”Lokal vekstkraft og Framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken”.

Vedtak: Vest-Telemarktinget tek Storting melding nr 25 (2008 - 2009) ”Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken” til vitande.

Vest-Telemarktinget 16. juni 2009.

Ketil Kiland

Olav Urbø
Regionordfører